

# Lysmesse



Todalen kyrkje  
8. desember 2024

Ved konfirmantane i  
Surnadal

---

## SAMLING

---

### Førebuing

### Tre klokkeslag

### Lysprosesjon

### Kyrkjelyden reiser seg.

Nå tennes tusen julelys  
på jorden mørk og kald,  
og tusen, tusen stråler og  
i himlens høye hall.

Og over by og land i kveld  
går julens glade bud  
at født er Herren Jesus Krist,  
vår Frelser og vår Gud.

### Kyrkjelyden set seg

### Tenning av alterlysa

**Liturg:** Då Gud skapte verda, skapte han lyset.  
Derfor har vi tende lys i kyrkja som eit teikn på at  
Gud er til stades.

### Alle syng

Du stjerne over Betlehem,  
å, la ditt milde skinn  
få lyse inn med håp og fred  
til hvert bedrøvet sinn.

I hvert et hjerte kaldt og mørkt,  
send du en stråle blid,  
en stråle av Guds kjærlighet  
i signet juletid.

### Nådehelsing

**Liturg:** Kjære kyrkjelyd.  
Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den  
heilage andens samfunn vere med dykk alle.

### Dagens bøn

Allmektige Gud, vi lovar og prisar deg, fordi du har  
sett Son din, Jesus Kristus, til konge over oss, og på  
nytt let oss gå inn i eit nådeår i di kyrkje. Gjev oss din  
Heilage Ande, så vi kjenner han når han i dag kjem i  
ein tenars skapnad, og han kan kjenna oss når han  
ein gong kjem i herlegdom, han som med deg og  
Den Heilage Ande lever og råder, éin sann Gud frå  
æve og til æve.

---

## ORDET

---

**Liturg:** Lat oss høre kva Bibelen seier om lyset.

### Lystenning - kyrkjelyden syng:

Gjør døren høy, gjør porten vid!\*  
Se, ærens konge kommer hit!  
Han hersker over alle land  
og er all verdens Frelser sann.

\*Salme 24,7

### 1. tekstlesing

Det folket som går i mørkret, ser eit stort lys. Over  
dei som bur i dødsskuggens land, strålar lyset fram.  
For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven.  
Herreveldet er lagt på hans skulder. Han har fått  
namnet Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig far,  
Fredsfyrste.

### Lystenning – kyrkjelyden syng:

Rettferdig kommer han her ned  
og bringer salighet og fred,  
saktmotig fremmer han sin akt  
og herske vil med miskunns makt.

### 2. tekstlesing

I opphavet var Ordet, Ordet var hos Gud, og ordet  
var Gud. Han var i opphavet hos Gud. Alt vart til ved  
han, og utan han vart ikkje noko til. Det som vart til i  
han, var liv, og livet var lyset for menneska. Lyset  
skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det.

### Lystenning – kyrkjelyden syng:

Han roper ut et nådens år,  
vår nød ved ham en ende får,  
derfor av lengselsfulles tall  
en gledesang ham møte skal.

### 3. tekstlesing

Det sanne lyset som lyser for kvart menneske, kom  
no til verda. Han var i verda, og verda vart til ved  
han, og verda kjente han ikkje. Han kom til sitt eige,  
og hans eigne tok ikkje imot han. Men alle som tok  
imot han, dei ga han rett til å bli Guds born, dei som  
trur på namnet hans. Dei er ikkje fødde av kjøt og  
blod, ikkje av menneskevilje og ikkje av manns vilje,  
men av Gud.

### Lystenning – kyrkjelyden syng:

Å, vel det land, det hus, den gård  
hvor denne mann for styret står!  
Å, vel det hjerte, sjel og sinn  
hvor denne konge drager inn!

## 4. tekstlesing

Og du, barn, skal kallast profet for Den Høgste, for du skal gå fram føre Herren og rydda hans vegar og læra folket hans å kjenne frelsa når deira synder blir tilgjevne, for vår Gud er rik på miskunn. Slik skal lyset frå det høge gjesta oss som ein soloppgang og skin for dei som bur i mørker og dødens skugge, og styra våre føter inn på fredens veg.

### Lystenning – kyrkjelyden syng:

Han er den rette gledesol  
som lyser fra Guds nådestol.  
Ved ham, Guds Sønn, det lysne må  
i våre hjerters mørke vrå.\*\*                    \*\*krok

## 5. tekstlesing

Igjen tala Jesus til folket og sa: " Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys." "Tru på lyset så lenge de har lyset, så de kan bli born av lyset."

### Lystenning – kyrkjelyden syng:

Gjør døren høy, riv stengsel ned,  
i hjertet rom for ham bered,  
så kommer ærens konge sterk  
og fremmer i deg alt Guds verk.

## 6. tekstlesing

Herrens apostel seier: Ein gong var de sjølve mørker, men no - i Herren - er de lys. Så lev som born av lyset! For fruktene av lyset viser seg i alt som er godt, i rettferd og sanning. Prøv då kva som er til glede for Herren! Ta ikkje del i dei gjerningane som hører mørkret til, for dei ber inga frukt; avslør dei heller. Det som slike folk driv med i løynd, er det ei skam berre å nemna. Men alt kjem for dagen når lyset får avsløra det, og alt som kjem for dagen, er lys. Difor heiter det: Vakn, du som sov, stå opp frå dei døde, og Kristus skal lysa for deg.

### Lystenning – kyrkjelyden syng:

Mitt hjertes dør jeg åpner deg,  
o Jesus, kom hit inn til meg,  
og ved din nåde la det skje  
at jeg din vennlighet må se.

## 7. tekstlesing

Jesus seier: "De er lyset i verda! Ein by som ligg på eit fjell, kan ikkje gøymast. Ingen tenner ei oljelampe og set ho under eit kar. Nei, ein set lampa på ein haldar; då lyser ho for alle i huset. Slik skal lyset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen!"

### Lystenning – kyrkjelyden syng:

Ja, ved din Hellig Ånd det gjør  
vi daglig åpner deg vår dør,  
og deg oss kun til frelse vet,  
velsignet i all evighet!

## Preike

### Salme – En krybbe var vuggen

En krybbe var vuggen som ventet ham her,  
det lille barn Jesus, vår Frelser, så kjær.  
Men stjernene lyste helt inn der han lå,  
det lille barn Jesus, på leiet av strå.

Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.  
Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.  
Han kom fra Guds himmel, Gud selv var han lik,  
men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.

Fra krybben til korset gikk veien for deg,  
slik åpnet du porten til himlen for meg.  
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,  
så alle kan samles i himlen hos deg!

## Truvedkjenning

**Medliturg:** Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

**Alle:** Eg trur på Gud Fader, den allmektige,  
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,  
Guds einborne Son, vår Herre,  
som vart avla ved Den heilage ande,  
fødd av Maria møy,  
pint under Pontius Pilatus,  
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,  
før ned til dødsriket,  
stod opp frå dei døde tredje dagen,  
før opp til himmelen,  
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,  
skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,  
ei heilag, allmenn kyrkje,  
eit samfunn av dei heilage,  
forlating for syndene,  
oppstoda av lekamen  
og evig liv. Amen.

## Dans

## FORBØN

### Forbøn

**Vi syng salmen "tenn lys", vi bed ei bøn etter kvart vers.**

Tenn lys! Et lys skal brenne for denne lille jord.  
Den blanke himmelstjerne, der vi og alle bor.  
Må alle dele håpet så gode ting kan skje.  
Må jord og himmel møtes. Et lys er tent for det.

Tenn lys !To lys skal skinne for kjærlighet og tro,  
for dem som viser omsorg og alltid bygger bro.  
Må fanger få sin frihet og flyktninger et hjem.  
Tenn lys for dem som gråter og dem som trøster  
dem.

Tenn lys! Tre lys skal flamme for alle som må slåss.  
For rettferd og for frihet. De trenger hjelp av oss.  
Må ingen miste motet før alle folk er ett.  
Tenn lys for dem som kjemper for frihet og for rett.

Tenn lys! Nå stråler alle de fire lys for ham  
som elsker alt som lever, hver løve og hvert lam.  
Tenn lys for himmelkongen som gjeterflokken så.  
Nå møtes jord og himmel i barnet lagt på strå.

### Herrens bøn

**Alle:** Fader vår, du som er i himmelen.  
Lat namnet ditt helgast.  
Lat riket ditt koma.  
Lat viljen din ráda på jorda så som i himmelen.  
Gjev oss i dag vårt daglege brød.  
Forlat oss vår skuld,  
som vi òg forlèt våre skuldmenn.  
Før oss ikkje ut i freistung,  
men frels oss frå det vonde.  
For riket er ditt,  
og makta og æra i all æve. Amen.

### Takkoffer

## SENDING

### Salme – Velsigna du dag over fjordan

Velsigna du dag over fjordan,  
velsigna du lys over land.  
Velsigna de evige ordan  
om håp og ei utstrakt hand.  
Verg dette lille du gav oss,  
den dagen du fløtta oss hit,  
så vi kjenne du aldri vil la oss  
forkomme i armod og slit.

Vi levde med hua i handa,  
men hadde så sterk ei tru.  
Og ett har vi visselig sanna:  
vi e hardhausa vi som Du.  
Nu har vi den hardaste ria,  
vi slit med å kare oss frem  
mot lyset og adventsti'a,  
d'e langt sør tel Betlehem.

Guds fred over fjellet og åsen,  
la det gro der vi bygge og bor!  
Guds fred over dyran på båsen  
og ei frossen og karrig jord!  
Du ser oss i mørketidslandet.  
Du signe med evige ord  
husan og fjellet og vannet  
og folket som leve her nord.

### Lovprising

**Liturg:** syng Lat oss prisa Herren.

**Kyrkjelyd:** Gud vere lova.  
Halleluja. Halleluja. Halleluja.

### Velsigning

**Liturg:** syng Herren velsigne deg og være deg.  
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg  
nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. **†**

**Kyrkjelyd:** Amen. Amen. Amen.

### Postludium ved konfirmantane